

NORSK PELSSAULAG – Medlemsskriv om formidling av beredning av skinn.

Hovudpunkter frå digitalt medlemsmøte 07.09.22 om skinn og beredning.

- Korleis ta vare på skinnkvaliteten, slaktetidspunkt, oppforing med meir.
 - Ikkje tidleg slakt, lamma treng eit fettlag for at ikkje skinna skal rivna. Pelslamma er sjeldan slaktemodne i august.
 - Ein kan ikkje vente å få bra skinn av magre og små lam. Eit godt slakteoppgjjer er garantien for best mogleg skinnresultat.
 - Unngå også sein slaktning. Det er då utsett med meir riveskader, botnull/ toving. For å vera på den sikte sida bør lamma vera slakta i løpet før månadskiftet oktober-november.
 - Unngå tilgrising ved oppforing.
 - Det kan vera aktuelt å klippa dei småtassane som det er vanskeleg å få slaktemodne tidleg nok. Skinna kan bli fine igjen etter 4-5 veker.

- Val av berederi og pelssaulaget sin samarbeidsavtale om felles beredning hjå Donnia Skinn AB i Sverige.
 - Pelssaulaget har valgt Donnia Skinn AB som samarbeidspartner. Her er me godt nøgd med kvalitet og pris.
 - DonniaSkinn AB har ikkje utstyr til å handtere lang ull. Nokre opplever difor å få att fleire nedklipte skinn enn dei ynskjer.
 - Norske Granberg Garveri AS er eit sikkert val om du vil ha berre langulla skinn. (Hugs å be om ekstra tromling om du vil ha lokkstrukturen fram). Granberg tilbyr ikkje nedklipping. Det tar også lang tid før ein får att skinna.

- Om avtalen med Donnia Skinn AB.
 - Dei som vil vera med på ordninga om felles garving må vera/ bli medlem i Pelssaulaget.
 - Pelssaulaget har egne Skinnreturmerke, oransje, desse bestiller du på OS ID.
 - Det er laga ein eigen Følgeseddel på norsk.
 - Følgeseddelen finn ein på heimesida til Norsk Pelssaulag. [Føljesedel WEB NO2022.pdf \(nsg.no\)](#) Følgeseddelen kan fyllast ut på PC og skrivast ut etterpå. Lever tre eksemplar med slaktebilen og lagre eit til eige bruk.
 - Det er fleire beredningsalternativer, 18 mm, 35 mm og 50 mm nedklipping. Og langulla med eller utan slipt baksida.
 - Mange har gode erfaringar med å la Donnia avgjera beste beredning for det



einskilde skinn. Har ein heilt bestemte ynskje om beredning så skriv ein det i Øvrige ønsker.

- Det er eit mål å samle transporten av skinn til Sverige i to sendingar, ein innan 25/10 og den siste 20/12. Skinn frå første sending er venta klar i månadskiftet januar-februar, det andre partiet i slutten på april.
- Donnia Skinn AB registrerer skader eller andre særskilde merknader på alle råskinna før beredning.
- Pelssaulaget sine medlemmer blir rekna som ein kunde, alle medlemmene oppnår difor den høgste rabatten, anten dei sender eit eller hundre skinn.
- Det er utarbeid eigen «merkelapp» som blir å få kjøpt. (I skrivande stund har ikkje leiar heilt klårt for seg kvar de kan tinga merkelappen, så snart leiar er oppdatert vil det koma meir info).



- Økonomien i ordninga.
 - Ordninga med felles beredning i Sverige kom i gang i 2015.
 - Første året var det med 52 produsentar og 1370 skinn.
 - Det har etterpå vore ein jamn auke, i 2021 var 121 produsentar med og det vart sendt mest 3800 skinn.
 - Totale utgifter for laget ligg på rundt 1,5 million.
 - Pelssaulaget tek no 20 kroner per skinn, dette går til godtgjering av arbeidsinnsatsen. Dette er ikkje butikk for laget, men det balanserer. Eventuelt overskot går til drift av laget og til pelssaubønder og pelssauen sitt beste.
- Om tilhøve mellom medlem/ produsent, pelssaulaget, slakteri og berederi.
 - Pelssaulaget er berre formidlar av denne bereiinga.
 - Laget kan såleis ikkje ta ansvar for korkje skader som kan ha skjedd på slakteriet eller ved bereiinga. Me har ikkje kontroll på kvaliteten som går inn, og kan då heller ikkje reklamere på det ferdige produktet.

- Dersom du har mistanke om at slakteriet har skada skinna dine, så må du ta dette opp med slakteriet ditt.
- Dersom du meiner det er berederiet som har skada skinna eller du ikkje er nøgd med bereiinga, må du venda deg til Donnia Skinn AB. E-postadresse og telefonnummer finn du på deira heimeside.
- Er du i tvil korleis du skal angripa «saka», så forhøyr deg gjerne med einkvan i styret i laget. Det er også greitt om laget vert orientert om eventuelle klager, gjerne med kopi av e-post til leiaren i laget. Det er då mogeleg for laget å følgja opp på meir generelt grunnlag.

Knut Sveinung Kleppa
- leiar i Norsk Pelssaulag -

Gjessfjell, 18.09.2022